

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 8.5.2016

Høringsuttale om Leirofossen/Steinsedalselvi kraftverk i Vaksdal kommune, Hordaland.

Naturvernforbundet i Hordaland (NVH) er sterkt skeptisk til at Blåfall AS skal få konsesjon til å bygga ut Leirofossen/Steinsedalselvi kraftverk i Vaksdal kommune med ein samla effekt på 6.6 MW og årsproduksjon på 17.3 GWh, der Leirofossen utgjer 1/3 og Steinsedalselvi 2/3 av produksjonen. Det blir felles kraftstasjon for dei to kraftverka.

I den såkalla Vaksdal II pakken ligg det inne 4 søknader om løyve til utbygging av småkraftverk i nedre delen av Eksingedalen i Vaksdal kommune, inkludert desse to søknadene. I fjor (2015) var det ute fleire søknader i småkraftpakken Vaksdal 1 om løyve til utbygging av småkraftverk i Bergsdalen og Vaksdal. Med tanke på at den økologiske belastninga i området vil bli stor, og at dette vil kunna få store negative konsekvensar for blant anna det biologiske mangfaldet, er Naturvernforbundet Hordaland (NVH) kritisk til at Blåfall AS skal få konsesjon til å bygga ut Leirofossen/Steinsedalselvi kraftverk. Verknaden på landskapet og det terrestriske miljøet er store, og dei negative konsekvensane av den planlagte utbygginga vil etter vår mening overgå den potensielle samfunnsnyten til dette prosjektet, og konsesjonssøknaden bør difor avvisast på bakgrunn av dette.

Dette grunnar vi på følgjande;

Landskap og hydrologi

For landskapet er inngrepa rekna som små negative, samstundes som området blir vurdert til å ha liten verdi for terrestrisk miljø, og tiltaket vil gi middels negativ verknad for terrestrisk miljø. Samla vurdering er blitt vurdert til liten negativ. Vi stiller oss uforståande til denne konklusjonen. I rapporten kjem det tydeleg fram at etablering av anleggsveg inn til kraftstasjonen vil verka sterkt inn på det terrestriske miljøet, fordi den grip inn i naturtypen rik edellauvskog. I dag er ingen veg opp til Leirovatnet eller kraftstasjonsområdet, og det må byggjast veg med ei samla lengde på nesten 2.5 kilometer, dersom også Fjellfossen kraftverk får konsesjon. Vidare vil det bli etablert ein mellombels anleggsveg langs røyrgata fram til tunnelen med ei total breidde på 25 m. I tillegg vil det bli behov for hogst og sprenging i samband med utgraving av røyrgatetrasén. For å laga denne røyrgata trengs det dermed ein grøftetrasé med ei breidd på 25-30 m i anleggsperioden, og ca 5 m når kraftverket er ferdig. Med ei total lengde på omtrent 2 440 m, med røyr diameter på Ø900, derav 420 m på Leirofossen kraftverk, og i tillegg til ein veg med en lengde på 2 300 m, seier det seg sjølv at kraftutbygginga vil påverka det terrestriske miljøet og landskapet drastisk, noko som blir avdramatisert i rapporten. Rapporten gir dermed ikkje noko sant bilde av konsekvensane av utbygginga

Heile den 2 km lange strekningen der røyrgata skal gå, renn Steinsedalselva gjennom ein nær truga naturtype som kallast elveløp, og ved utløpet av Fjellbekken på kote 480 er det ei fossesprøytzone (E05), som også er ein truga naturtype.

Vidare vil tiltaket medføra ein del endringar i villmarksprega område, slik at totalt bortfall tilsvarar eit areal på 4,1 km².

Sidan anlegget verken er planlagt med reguleringsmagasin eller overføringer, vil det vera redusert vassføring i elva frå inntaket til kraftstasjonen, og størst reduksjon like nedanfor inntaket. Det er planlagt ei minstevassføring på 58 l/s heile året, Middelvassføringa er 397 l/s i Leirofossen og 1 417 l/s i Steinsedalselva. Reduksjonen i vassføring i sommarhalvåret på grunn av utbygginga vil altså bli størst i Steinsedalselva, dvs om lag 95% mot ca 85% i Leirofossen. Det blir om lag 160 dagar med minstevassføring eller mindre, mest i tørrår og på seinsommaren (september). Ei redusert vassføring i vil ikkje berre medføra at landskapsbildet rundt Leirovatnet og langs Steinsedalselva i periodar vil endrast, men også påverka dramatisk flora og fauna langs elvestrekningen.

Biologisk mangfold

I tiltaksområdet til denne og den nærliggjande Fjellfossen kraftverk er raudlistearter alm (NT) og jøkulstarr (NT) påvist, der almetrea blir påverka negativt dersom anleggsvegen medfører hogst. Dei to fugleartane kvitryggspett og strandsnipe er blitt observert i nedslagsfeltet. Fossefall er observert i det tilgrensande sidevassdraget Fjellfossen, og fins sikkert også i nedslagsområdet til Leirofossen kraftverk. I den biologiske rapporten utført av Rådgivende Biologer står det at det ikkje er blitt observert reirplassar under feltarbeidet, og faunaen blir dermed vurdert til å ha en liten verdi. Dette er et motstridande utsagn, sidan rapporten frå Fjellfossen opplyser at det frå tid til annan hekker fossefall langs elvestrekningen. Eit feltarbeid utført av ein person på éin dag (23. oktober 2012) gir ikkje god nok representasjon av artane som er i området, og at Rådgivende Biologer då berre «antar» at det ikkje fins truga artar i området, utan å sjå nærare etter, vil høgst sannsynleg føra til at verdien av det biologiske mangfoldet er underestimert. I tillegg er feltarbeidet utført på hausten, på ei tid av året då mange artar, av både dyr og spesielt planter, ikkje vil vera synlege. Utbygging av småkraftverk andre stader har tidlegare vore eit stort trugsmål mot blant anna fossefall, på grunn av at den ekstremt låge vassføringa i øvre delen av Steinsedalselva vil kunna øydeleggja bade hekkeplassane og næringsøket deira. Reiret til fossefallet ligg alltid ved rennande vatn, og den har akvatiske botndyr som ei viktig næringskjelde. Vidare ligg inntaksområdet delvis innanfor eit villreinområde, og sjølve anleggsaktiviteten vil verka negativt på villreinen, i tillegg til fugl og andre pattedyr, på grunn av støy. Den sørlege delen av dette området er kalvingsområde for villrein, i følgje konsulentrapporten. I dalsida mot sør nedanfor Leirofossen er det observert hjortetrek og kvitryggspett.

I følgje konsulentrapporten for Fjellfossen kraftverk aust for Leirovatnet er det aure i innsjøane ovenfor planlagt tiltak, og elvestrengen ned mot Leirovatnet er ein viktig gytebekk for auren i Leirovatnet. Skvalpekjøring og brå utfall/driftstans i kraftverket vil då kunna vera negativt for rekrutteringa av fisken på denne strekningen. I rapporten om Leirofossen/Steinsedalselva kraftverk blir det påstått at det ikkje fins fisk i vassdraget. Dette verkar ikkje truverdig, sidan både Fjellfossen og Leirofossen høyrer til same sidevassdrag til Mysterelva.

Som nemnt vil den sterkt reduserte vassføringa i Steinsedalselva medføra at botndyrfaunaen får mindre eller ingen areal å leva på, og dersom elva tørkar heilt ut, vil dette føra til at artar forsvinn heilt. Men botndyrfaunaen i området er ikkje undersøkt i den vedlagte rapporten frå Rådgivende Biologer AS. I rapporten er det brukt data frå ein studie av dyreplankton i Leirovatnet, men ingenting i sjølve elvestrekningen som faktisk vil bli berørt av inngrepet. Då

er det heller ikke råd å vita om det er nokon botndyrartar som er sjeldne regionalt eller nasjonalt, og verknaden av inngrepet på desse er då vanskeleg å vurdere. Det bør stillast høgare krav til vitenskapleg krav og dokumentasjon i konsekvensutgreiingar og her vil vi gjerne vise til avsnittet om kunnskapsgrunnlag i Naturmangfoldsloven § 8 første ledd som sier; *”Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.”*

Sidan mykje av informasjon om dei ulike registrerte artane er henta frå aktuelle databasar (som Artsdatabanken), manglar det også ofte informasjon om andre artar i området. Observasjonar om artar som er sjeldne og vanskelege å artsidentifisera blir ofte ikkje registrert, eller det blir berre gjort eit litteratursøk i staden for å utføra registrering. Det betyr ofte mangelfull og misvisande kunnskap, slik NVE sin studie nyleg over registrerte raudlisteartar i norske vassdrag viser. Berre 13 av i alt 166 raudlisteartar var registrert i eit representativt utval av småkraftsaker.

Friluftsliv og samla belastning

Tiltaket vil føra til inngrep i skogsområde og plantefelt, i tillegg til at røyrigata vil ta litt av innmarka nedst i vassdraget i anleggsfasen og tidleg driftsfase. Det er i tillegg ein del jakt-, fiske- og friluftslivsinteresser i influensområdet, med fritidsbustader ved Mysterstølen og godt besøkt tursti med bruer i området. Tiltaket vil påverka desse lokale friluftslivsinteressene til ein viss grad, og spesielt vil utbygging av veg og røyrigate verka negativt inn på naturopplevinga.

I tillegg til dette ønskjer Naturvernforbundet Hordaland også å visa til fleire aktuelle småkraftprosjekt som er til vurdering i området kring nedre delen av Eksingedalen. Å la stadig fleire småkraftverk få konsesjon på utbygging, fører til at det blir stadig mindre og mindre urørt natur. Arealødelegging som følgje av utbygging er eit av dei største trugsmåla mot norsk natur. Naturmangfoldlova sitt prinsipp om økosystemtilnærming og samla belastning (§10) lovfestar alle at nye inngrep, som utbygging av småkraftverk, må vurderast samla for å kunna få eit oversyn over konsekvensane. At det er gjort mange kraftutbyggingar i området før, er ikkje noko argument for vidare utbygging, snarare tvertimot. Dess fleire inngrep som er gjort eller planlagt utført i området, dess større verdi får dei vassdraga som enno er igjen, og dess høgare krav burde det stillest for at NVE skal tildela nye konsesjonar.

Med venleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar